

Preike til Kilskrossen

Kristian Myklebust



Bibeltekst: Evangeliet etter Lukas, 14,15-24

Bibelen er full av forteljingar, av eksempel og bilete. Jesus sjølv fortel ofte ei god historie for å understreke ein poeng- eller for å forvirre og riste litt i dei som lyttar. Eit godt bilete eller ei treffande forteljing klarer gjerne både å seie noko viktig og samtidig behalde noko av openheita eller undringa: Det var vel dette han meinte?

Eg må seie at nokre av bileta i Bibelen om himmelen, om Guds rike, kanskje ikkje er dei som appellerer mest. Er det mange av oss som drøymmer om gater av gull, og sjølv om det kan vere vakkert med harpespel, så har vel også ønsket om å høyre på det si grense. Men i dag brukar Jesus eit bilete på Guds rike som for meg er av dei mest meiningsfulle, kanskje eg kan seie meiningsmetta, eit bilete som gjer det tydeleg for meg at Guds rike verkeleg er ein stad der eg ønskjer å få høyre til. Det er sjølv sagt biletet av Guds rike som eit stort festmåltid.

Maten vi et er jo heilt grunnleggande for oss, det er eit faktum eg trur vi skulle reflektert meir over, mange av oss. Kva treng vi eigentleg? Vi treng i alle fall mat; vi treng at nokon kan og vil gjere det arbeidet som gjev mat på bordet, og vi treng å hugse på at maten er av dei fremste av Guds gode gåver til oss. Måltida er også så viktige for oss på andre måtar enn det å gje næring: Måltid er fellesskap, kvile, samtale, rekreasjon. Og når vi menneske har noko viktig som skal markerast eller feirast, anten i glede eller sorg, inviterer vi til måltid i ei eller anna form, tenk berre på julemiddag, måltidet før nokon skal reise bort, konfirmasjonsselskapet, bryllaupsmiddagen, åremålsfeiringa, minnestunda, sommarfesten- lista er lang; kva hadde vel dette vore utan maten og måltidsfellesskapet? Maten og måltidet er noko godt og nødvendig, men ikkje noko sjølv sagt; det er noko å takke Gud for. Bordverset er viktigare enn vi trur!

Eg trur det er difor biletet av Gudsriket som eit festmåltid treff så godt: Vi skjønar at det handlar om fellesskap, om ein sann og god fellesskap, fellesskap slik han kan vere rundt bordet i godt lag, fellesskap som fyller oss med glede og ny kraft og som både har humør og omsorg og interesse og alvor. Guds rike er fellesskap med Gud og med kvarandre, men i fullkomen forstand, sidan det er Guds sjølv som er vert, som står for heile gjestebodet, som både har invitert og gjort alt i stand. Vi får kome som gjestar som kan vere trygge på at vi er inviterte og at ein plass er halde av til oss.

I dag fortel Jesus om ein mann, ein rik mann må det vere, som inviterer til gjestebod. Det gjekk ut invitasjonar, til andre folk av same høge stand som mannen sjølv, folk som vart rekna med og som gjerne sjølv hadde midlar til å invitere tilbake ein annan gong, og desse invitasjonane skulle hjelpe til i førebuingane av den store festen: Kor mange dyr måtte slaktast? Kor mykje vin skulle skaffast? Etter eit stort arbeid med førebuingane er alt endeleg klart, og mannen sender ein betrudd tenar for å seie «velkommen til gards! Kom, for alt er ferdig!» Det som skjer, må vere uventa og skandaløst for dei som høyrde denne forteljinga frå Jesu munn. For sjølv om vi kan tenke at desse grunnane må vel vere gode, så høyrde dei som høyrde dette først berre ei heilt grunnleggande avvisning av mannen som inviterer. Dei inviterte, som har takka ja, men som når alt er klart ikkje vil komme, avviser rett og slett fellesskapet mannen inviterer til, til fordel for seg sjølv og sitt.

Også mannen sin reaksjon på avvisninga måtte ha overrraska dei: han avlyser ikkje festen i skam og nederlag, nei, andre vert inviterte- og denne gongen heilt andre folk, ikkje anstendige naboar og gode kollegaer og andre med same høge rangen som mannen sjølv, men tenaren går ut på gater og torg og inviterer dei som er utanfor, dei som ingen rekna med, dei som aldri kan invitere tilbake- og desse kjem- og endå er det plass til endå fleire når Jesus avsluttar forteljinga, ein open slutt, for invitasjonen står ved lag!

Dei som lyttar til forteljinga er sjølv høgt på samfunnet sin stige, dei er farisearar og medlemmer av jødane sitt høge råd. Det er sterke ord for deira del; ord som minner dei om at dei ikkje må ringeakte invitasjonen til fellesskap i Guds rike og verte opptekne av seg og sitt, for dette er slett ikkje noko sjølv sagt ein kan ta for gitt, og ord som minner oss alle om at det i Guds rike er annleis enn vi skulle tru: Ting vert snudde på hovudet; til bords i Guds rike sitt ikkje først og fremst dei høge, dei viktige, dei som har alt på stell, men dei som tek i mot invitasjonen. Verten har gitt slepp på eigen status, det er ingen grenser for kven han vil sitje til bords og ha fellesskap med.

Presten Sjur Isaksen skriv godt om dette alvoret i teksten: «Jesus bryter ned våre forestillinger om hvem som er nærmest til å gripe eller bli grepet av evangliet. Men liknelsen sier også noe svært nærgående om meningsheten og meg selv som vert: Har vi gått gjennom samme omvendelsen som liknelsens innbyder? Eller er våre gudstjenester og middagsselskaper fortsatt mest egnet til enten å heve vår egen status eller til å markere skillelinjene mellom de som er innenfor og de som er utenfor?

«Gå ut på stigane og vegane og naud folk til å komme inn, så huset mitt kan bli fullt!» seier verten. Det er godt å vite at Gud, slik han vert openberra for oss i Jesus, er slik: Han vil ha fullt hus! Han inviterer, alle, også dei ein ikkje skulle tru, dei ingen andre ville invitert, alle eg kanskje ikkje likar så godt eller vil ha så mykje med, alle som

lengtar etter fellesskap, etter måltid. Det er gratis, vi skal ikkje gjere opp og betale for oss. Han har eit stort hus, med mange rom; eit enormt Gudsrike, med plass til så mange at invitasjonen framleis står ved lag: Kom og bli med på festen og feiringa og songen! Kom til fellesskapen, der det finst ein plass til deg og meg! Kom, for alt er ferdig!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, som var og er og vera skal, ein sann >Gud, frå æve til æve! Amen